



TUSSA ENERGI AS
Langemyra 6
6160 HOVDEBYGDA

Saksbehandlar, innvalstelefon
Thomas Aurdal, 71 25 84 67

Vedtak med løyve - forurensning - Volda - utslepp av anleggsvatn i samband med bygging av Tussa II kraftverk og rehabilitering av Dam Tyssevatnet

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal gjev Tussa Energi AS løyve etter forurensningsloven til utslepp i tilknytning til bygging av Tussa II kraftverk og rehabilitering av Dam Tyssevatnet i Volda kommune. Løyve med vilkår fylgjer vedlagt.

Vi vedtek eit gebyr på kr 47 300 for sakshandsaminga.

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal syner til søknad send inn 26.03.2026 om løyve etter forurensningsloven til utslepp.

Vedtak

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal gjev Tussa Energi AS mellombels løyve til utslepp av anleggsvatn og forureiningar frå anleggsdrift i tilknytning til bygging av Tussa II kraftverk og rehabilitering av Dam Tyssevatnet i Volda kommune. Løyvet er gjeve med heimel i *Lov av 13.03.1981 om vern mot forurensning og om avfall* (forurensningsloven) § 11, jf. § 16. Statsforvaltaren har ved avgjerda om løyvet skal gjevast og ved fastsetting av vilkåra lagt vekt på dei forureiningsmessige ulemper ved tiltaka samanheld med dei fordelar og ulemper som tiltaka elles vil medføre. Det er sett vilkår for løyvet.

Løyvet kan endrast i medhald av forurensningsloven § 18. Ein eventuell endringssøknad må føreliggje i god tid før endring ynskjast gjennomført.

At forureining er tillate, fritenk ikkje for erstatningsansvar for skade og ulempe eller tap forårsaka av forureining, jf. forurensningsloven § 56. Brot på løyvet er straffbart etter forurensningsloven §§ 78 og 79.

Bakgrunn



Tussa Energi AS sende 26.03.2026 inn søknad om utsleppsløyve etter forurensningsloven til tiltak som skal utførast i tilknytning til bygging av Tussa II kraftverk og rehabilitering av Dam Tyssevatnet i Volda kommune.

Dagens kraftverk i området vart sett i drift i 1961, og utnyttar fallet mellom Tyssevatnet og Hjørundfjorden. Det er no ynskjeleg å bygge eit nytt kraftverk, Tussa II kraftverk. Det nye kraftverket vil nytte same fall og reguleringsmagasin som det gamle, men med ny vassveg og kraftstasjon. Dam Tyssevatnet skal rehabiliterast for å rette avvik frå damsikkerhetsforskrifta. Bygginga av Tussa II kraftverk har planlagd oppstart hausten 2026, og er venta å ta tre og eit halvt år å gjennomføre, med ferdigstilling i 2029.

Fylgjande hovudaktivitetar som kan medføre forureining er identifisert i søknaden: Tunneldriving, etablering av steinbrot, massehandsaming og mellomlagring av stein og avrenning frå anleggsområdet.

Høyring og innspel

Søknaden var på høyring til 31.05.2026 (utsett til 08.06.2026 for Volda kommune). Den vart kunngjort på Statsforvaltaren i Møre og Romsdal si nettside og i lokalavisene Møre og Møre-Nytt, og kopi av søknaden vart send relevante høyringspartar med oppmoding om uttale. Vi fekk inn dei fylgjande høyringsuttalene:

Volda kommune (08.06.2026):

Volda kommune opplyser at det aktuelle området er omfatta av kommuneplan for Ørsta kommune vedteken i 1991, plan-ID 1577_KPK-8901. Planen er del av kommuneplanens arealdel for Volda kommune etter ei kommunegrensejustering i 2020.

På kart vedlagt uttala visast eit LNF-område der det berre kan gjevast løyve til bygging og frådeling som har direkte tilknytning til jordbruket og eit der det berre er moglegheit for spreidd busetnad.

Det er satt i gong rullering av kommunedelplanens arealdel i Volda, og området er ikkje detaljregulert.

Kommunen skriv at basert på planstatus, er tiltaket avhengig av dispensasjon eller omregulering for å kunne gjennomførast. Dette gjeld òg areal for mellomlagring av massar.

Kommunen opplyser at det i anleggsperioden er arealkonflikt knytt til mellom anna anleggsarbeidet og friluftslivsinteressene i området. Kommunen føresett difor at tiltakshavar er i dialog med friluftslivsorganisasjonar for å «sikre trygg og positiv friluftslivsaktivitet i området i anleggsperioden».

Kommunen saknar ei grundigare skildring av korleis ein skal unngå utslepp og forureining. Dette gjeld til dømes tiltak for å unngå lekkasjar frå køyretøy og slangebrot, vurdering av mindre skadelege stoff og utsortering av plast frå koplingsboksar og skyteleidningar. Dei saknar òg informasjon om tidsbruk ved analyse av prøvane ved botnreinsken. Dei skriv at mellomlageret for massar må sikrast mot avrenning og at det bør vurderast ytterlegare tiltak utover det som er omtala i søknaden (som overdekking av massane og fastsetting av varigheit for mellomlagringa). Det må òg stillast krav om at massar med ulik tilstandsklasse vert lagra separat med tydeleg merking for å unngå samanblanding.

Kommunen skriv at Tyssa er eit anadromt vassdrag som har særleg verdi for fisk. Tiltaket kan føre til utslepp av suspendert stoff, nitrogenforbindingar, olje og plast. Kommunen skriv at det ikkje kjem tydeleg fram i søknaden korleis artane i området, til dømes sjøaure, kan verte påverka. Kommunen



føresetatt at utsleppsrisikoen avgrensast gjennom «gode reinsetiltak og strenge utsleppsgrenser i tråd med søknaden».

Kommunen skriv at det er naturleg at kommunen vert gjort kjend med beredskapsplanen for tiltaka, og får høve til å gje innspel til den.

Kommunen syner elles til sitt høyringsfråsegn til søknaden om anleggskonsesjon for nettilknytning og detaljplan for miljø og landskap for bygging av det nye kraftverket. Der ber kommunen mellom anna om at terrenginngrep vert avgrensa mest mogleg.

Kommentar frå Tussa Energi AS til høyringsuttale (19.06.2026)

Tussa Energi AS sende inn ein kommentar til Volda kommune si høyringsuttale.

Dei skriv at dei er i dialog med DNT Sunnmøre om bruk av stiane i området og korleis DNT-hytta Tyssenaustet kan verte påverka av anleggsarbeida. «Bygdefolket» skal vere informert om planane og bruk av stiane i anleggsperioden. DNT-hytta og stien langs Åsevegen vert stengd i sesongane 2027 og 2028. Stien ved Tyssevatnet vil verte lagt om mellombels.

Tussa Energi skriv at dei har som mål at anleggsverksemda ikkje skal medføre utslepp som fører til permanent skadeleg forureining av grunn og vassdrag. I miljøoppfylgingsplana er det sett ei rekke krav, mellom anna krav til anleggsmaskinar og maskinelt utstyr, krav om tilgjengeleg absorpsjonsmiddel for oljeprodukt, krav til tankar for transport og drivstoffpåfylling, krav til vaskeplassar (tett dekke), krav om risikovurdering av risikofylte aktivitetar, krav til stoffa som vert nytta og krav om tiltak for å avgrense spreiding av plast.

Tiltakshavar opplyser vidare at botnreinsk skal prøvetakast medan massane framleis ligg i tunnelane. Botnreinskmassar som tilfredsstiller normverdiene for reine massar kan brukast om igjen mens massar som ikkje gjer det skal leverast til lovleg avfallsanlegg. Vidare vert det opplyst at det berre er reine massar som skal mellomlagrast, ikkje forureina. Eventuell mellomlagring av slam eller andre massar over grenseverdi for forureina masse skal lagrast i tette tankar, og forureina massar skal handsamast slik at det ikkje skjer forureining av grunn eller vatn.

Tiltakshavar opplyser at målet er å sleppe ut så låge verdiar, ved reinsetiltak og utsleppsgrenser, at fisk og botnfauna ikkje vert påverka i vesentleg grad.

Volda kommune vil få førelagt beredskapsplana.

Volda kommune – dispensasjon frå arealføremål (31.08.2026)

Tussa Energi AS oversendte i epost av 03.09.2026 møtereferat frå møte i Tenesteutvalet for forvaltning og utvikling (TFU) i Volda kommune, der dispensasjonssaka vart avgjort. Det vart i medhald av plan- og bygningslova § 19-2 gitt dispensasjon frå arealføremål i kommuneplan for det omsøkte tiltaket. Dispensasjonen vart gitt med føresetnad om at tiltaket held seg innanfor nokre inngrepsgrenser. Kommunen ynskjer at terrenginngrep vert avgrensa mest mogleg, og at føringar og krav til gjennomføring vert følgd opp i anleggsperioden. Vidare ynskjer kommunen at inngrep ved dam- og inntaksområdet skal settast i stand fullt ut etter anleggsfasen, med mål om at områda over tid skal få eit naturpreg likt omkringliggjande terreng. Ved portalområdet skal mellombels omdisponering av jordbruksareal avgrensast i størst mogleg grad og tilbakeførast til dyrkajord.



Statsforvaltarens vurderingar

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal vurderer at dei aktuelle tiltaka medfører risiko for forureining som kan gjeve «nevneverdig skade eller ulempe», jf. forurensningsloven § 11, og at det difor er naudsynt med eit løyve.

Steinbrot er regulert av *Forskrift om begrensning av forurensning* (forurensningsforskriften) kapittel 30, og vert difor ikkje regulert i vårt løyve etter forurensningsloven. Vi syner til forskrifta for utsleppskrava som gjeld for drift av steinbrot.

Forureining og avfall

Sprenging kan gje steinstøv som kan medføre høgt partikkelinnhald (suspendert stoff, SS) i utsleppsvatnet. Utsleppsvatn med høgt partikkelinnhald kan gje negativ påverknad på resipienten og organismane som lever der. Også mellomlager av steinmassar kan gje auka partikkelnivå i vatnet som renn frå lageret på grunn av finstoff på steinane. Anleggsvatnet kan òg ha innhald av metall frå berggrunnen.

Plast frå tennarar nytta under sprenging kan medføre plastforureining. Uomsett nitrogen, ofte i form av ammoniumnitrat, i sprengsteinmassane kan potensielt påverke resipienten ved å medføre eutrofiering. Sprøytebetong kan gje auka pH-verdi i vatnet, som kan vere skadeleg i resipienten. Anleggsvatnet kan òg forureinast med olje frå anleggsmaskinar og liknande.

Norconsult anbefaler at det utførast overvaking og reinsing av anleggsvatn før utslepp til resipientane. I rapporten deira er det anbefalte grenseverdier for suspendert stoff (SS), oljeinnhald og pH-verdi. Dei foreslår ikkje grenseverdier for nitrogen då det ikkje finst gode reinseløysingar for nitrogen i arbeidsmiljø.

Norconsult opplyser at den viktigaste bergarten i området er granittisk gneis, og at denne bergarten er kjemisk stabil og ikkje har potensial for å gje sur avrenning eller føre til at metall lekk ut. Berggrunnen vurderast difor ikkje å bidra til forureining i nemneverdig grad.

Det er planlagd tre utsleppspunkt for reinsa prosessvatn frå tunneldriving: Tyssevatnet ved øvre påhogg, Tysseelva eller alternativt Bjørkevika for reinseanlegg ved portalområdet og Stigrova (del av Tyssa bekkefelt) for prosessvatn frå vegtunnelen. For steinbrotet er det planlagd eit utsleppspunkt i øvre del av Tyssa, nær steinbrotet.

Det er planlagd å utføre botnreinsk for å fjerne massar som ligg i tunnelsålen. Norconsult opplyser at desse massane i utgangspunktet er reine massar, men at dei kan verte forureina av diffus avrenning frå uomsett sprengstoff, tungmetall, restar av sprøytebetong/injeksjonsmateriale eller spill og søl frå anleggsdrifta. Norconsult anbefaler difor prøvetaking av botnreinskmassane, med handsaming og disponering etter forureiningsnivå.

I løyvet er det sett vilkår (kapittel 4, 5 og 6 i løyvet) med krav om reinsing og overvaking av anleggsvatn og om disponering av avfall, slam, botnreinskmassar og liknande. Vilkåra er i stor grad basert på Norconsult sine anbefalingar. Vi vurderer at vilkåra er tilstrekkelege til å unngå at det skjer uakseptabelt stor forureining eller uakseptabel påverknad på resipientane og naturmiljøet under tiltaka.

Naturmangfaldlova

Statsforvaltaren har vurdert tiltaket etter *Lov om naturens mangfold* (naturmangfaldlova) § 8-12. Som grunnlag for vurderingane våre har vi nytta informasjon frå søknaden med vedlagte rapportar,



informasjon frå høyringsuttalene og informasjon tilgjengeleg i databasane GisLink og Yggdrasil (Fiskeridirektoratet sitt kartverktøy). Vi finn at den føreliggjande kunnskapen er tilstrekkeleg til å handsame søknaden, jf. § 8 i naturmangfaldlova, og ser ikkje behov for å leggje spesiell vekt på føre-var-prinsippet i denne saka, jf. § 9.

I GisLink-databasen er det registrert eit beiteområde for hjort nordaust for Bjørke. Ikring Saurvatnet sørvest for Bjørke er det registrert eit beiteområde for andefuglar. Det ventast ingen vesentleg påverknad på desse områda under arbeidet.

I elva Tyssa er det registrert anadromt strekk i dei nedre delane (ifylgje Norce i 2021 om lag 1,6 km, opp til nedre del av Tyssefossen). Tilstanden til bestanden vart vurdert til svært dårleg i 2021. Elva opplysast i søknaden å ikkje vere open for fiske. Rapporten frå 2021 skal likevel ha vist god tettheit av ungfisk, tilsvarande god økologisk tilstand. Fangst av ein liten sjøaure indikerte at oppvandring framleis skjer i elva.

I søknaden er det oppgitt at det kvart år vert sett ut fiskeyngel i Tyssevatnet, og det er pålegg om fiskeribiologiske undersøkingar. Slik vert bestanda av fisk opprettheld i vatnet. Aure opplysast å være det einaste fiskeslaget i vatnet.

Stigrova og dei nedre delane av Tyssa som har anadromt strekk har ofte lite vassføring og er sårbare for sedimentering av finstoff og andre påverknadar. Det er viktig at utslepps- og overvåkingskrava i løyvet vert følgt opp nøye, med riktig dimensjonering av reinseanlegga, slik at det ikkje skjer uakseptable utslepp.

Det er registrert mindre ålegrassenger i fjorden ved Finnes og Kalnes, om lag 1,2 km nord for planlagd utsleppspunkt i Bjørkevika. Ålegrasenger er viktige oppvekst- og opphaldsområde for fisk og anna marint liv. På grunn av avstanden ventast ingen påverknad på desse naturverdiane.

Det er ein ubetjent DNT-hytte, Tyssenaustet, i nærleiken til tiltaksområdet ved Tyssevatnet, og det er registrerte turruter knytt til denne. Det må visast omsyn til friluftaktivitetane i området under arbeidet.

I Fiskeridirektoratets kartverktøy *Yggdrasil* er det registrert ein større fiskeplass for aktive reiskap i Storfjorden. Her vert det fiska etter sei, breiflabb, lysing og sjøkreps med settegarn/teiner det meste av året. Plassen har ein avstand på om lag 1,5 kilometer til Tyssa sitt utløp på det næraste, og ventast ikkje å verte påverka av tiltaket.

Det er ikkje registrert akvakulturlokalitetar i dei indre delane av fjorden som kan verte påverka av tiltaka.

Etter naturmangfaldlova § 10 skal ein påverknad på eit økosystem alltid vurderast ut i frå den samla belastinga som økosystemet vert utsett for. På bakgrunn av vilkåra i løyvet vurderer vi at dei aktuelle tiltaka ikkje vil medføre eit bidrag til den samla belastinga som er uakseptabelt stor sett opp imot samfunnsnytta ved tiltaka.

Etter § 11 i naturmangfaldlova skal tiltakshavar dekke kostnadane ved å hindre eller redusere eventuell skade på naturmangfaldet i tiltaksområdet dersom dette ikkje er urimeleg med utgangspunkt i tiltakets karakter og den eventuelle skada. I denne saka finn Statsforvaltaren det rimeleg at tiltakshavar får gjennomført og dekkja kostnadane av dei avbøtande tiltaka slik dei er skildra i løyvet. Dei avbøtande tiltaka er òg i tråd med § 12 i naturmangfaldlova, der det settast krav



til bruk av miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar for å unngå eller redusere skader på naturmangfaldet.

Vassdirektivet

Tiltaka som er søkt om vil påverke fleire vassførekomstar i området. Nye inngrep i ein vassførekomst kan, ifylgje *Forskrift om rammer for vannforvaltningen* (vassforskrifta), normalt ikkje utførast dersom tiltaka medfører ein reduksjon av statusen til vassførekomsten. Fylgjande vassførekomster vert påverka:

Bjørkevika (ID: 0301020500-C). Vassførekomsten er registrert med god økologisk tilstand og ikkje klassifisert kjemisk tilstand i databasen Vann-nett. Som påverknadar på vassførekomsten er vasskraft registrert (liten grad av påverknad). Ifylgje Norconsult kan denne vassførekomsten verte påverka av tiltaka det no søkjast om ved at han tek imot vassføring frå elva Tyssa og tilhøyrande bekkefelt.

Tyssavatn (ID: 097-1953-L). Vassførekomsten har registrert godt økologisk potensial og ikkje klassifisert kjemisk tilstand. Som påverknadar er det registrert vasskraft (stor grad av påverknad). Norconsult skriv at denne vassførekomsten vil verte resipient for tunneldriving frå vegtunnelen og ny tilkomstveg.

Tyssa (Tussa, Tyssaelva, Tusseelva) nedstrøms inntak Tussa kraftverk (ID: 097-120-R). Vassførekomsten har registrert moderat økologisk potensial og ikkje klassifisert kjemisk tilstand. Den er registrert som «sterkt modifisert vannførekomst» (SMVF). Som påverknadar er det registrert vasskraft (stor grad av påverknad). Norconsult skriv at denne vassførekomsten vil verte resipient for tunneldriving, avrenning frå mellomlager for tunnelstein i anleggsfasen og overflatevatn frå steinbrotet.

Tyssa bekkefelt (ID: 097-122-R). Vassførekomsten har registrert god økologisk tilstand og ikkje klassifisert kjemisk tilstand. Det er ikkje registrert påverknadar på vassførekomsten. Norconsult skriv at denne vassførekomsten vil verte resipient for tunneldriving frå vegtunnel og ny tilkomstveg.

Dei aktuelle tiltaka er berre mellombelse, og vil ikkje vere ein permanent påverknad. Det er sett vilkår i løyvet om reinsing og pH-kontroll av anleggsvatnet som sleppast ut i resipientane. Dette skal beskytte dei mot uakseptable partikkelnivå og oljeforureining. På bakgrunn av dette vil etter vår vurdering tiltaka ikkje medføre ein uakseptabel negativ påverknad på vassførekomstane.

Konklusjon

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal tillèt mellombels utslepp av anleggsvatn og forureining frå anleggsdrift i tilknytning til etablering av Tussa II kraftverk og rehabilitering av Dam Tyssevatnet etter fastsette vilkår. På bakgrunn av vilkåra vurderer vi at tiltaka ikkje vil medføre forureining eller anna miljøulempe som er uakseptabelt stor sett opp imot samfunnsnytta ved tiltaka.

Erstatningsansvar

Løyvet fritenk ikkje for erstatningsansvar for forureiningsskade etter forurensningsloven § 10 og kapittel 8.

Vedtak om sakshandsamingsgebyr

Vi syner til vårt brev av 28.04.2026 med varsel om sakshandsamingsgebyr og vidare til *Forskrift om begrensning av forurensning* (forureiningsforskrifta) kapittel 39 om gebyr til statskassa for arbeid med løyve. På bakgrunn av vår tid- og ressursbruk knytt til sakshandsaminga, vert saka i tråd med det



som vart varsla plassert under gebyrsats 6, som svarar til eit beløp på kr 47 300. Faktura vert send ut av Miljødirektoratet. Gebyret forfell til betaling 30 dagar etter fakturadatoen.

Gebyrvedtaket kan klagast på til Miljødirektoratet innan tre veker etter at dette brevet er motteke, jf. forureiningsforskrifta § 41-5. Ei eventuell klage bør grunngjevast, og skal sendast til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal. Klaga vert ikkje gjeve oppsettande verknad, og det fastsette gebyret må difor betalst i samsvar med det som er nemnd over. Dersom Miljødirektoratet aksepterer klaga, vil det overskytande beløpet verte refundert.

Forureiningsforskrifta er tilgjengeleg på www.lovdata.no.

Klagemoglegheiter

Vedtaket kan klagast på til Miljødirektoratet etter reglane i kapittel VI i forvaltingslova av partane i saka eller andre med rettsleg klageinteresse innan tre veker frå avgjerda er mottatt. Ei eventuell klage skal nemne kva det klagast over og den eller dei endringar som ynskjast. Klaga skal grunngjevast, og opplysningar som kan ha innverknad på saka bør nemnast. Klaga skal sendast til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.

Ei eventuell klage fører ikkje automatisk til at iverksettinga av vedtaket vert utsett. Statsforvaltaren eller Miljødirektoratet kan etter oppmoding eller av eget initiativ avgjere at vedtaket ikkje skal settast i verk før klagefristen er ute eller klaga er avgjort, jf. § 42 i forvaltingslova. Avgjerda av spørsmålet om iverksetting kan ikkje klagast på.

Offentleggjing av løyvet

Vedtaket skal gjerast offentleg kjend, jf. § 36-11 i forureiningsforskrifta. Den som har fått løyve, skal så snart som mogleg kunngjere dette i dagspressa. Kunngjeringa skal innehalde ei kort orientering om løyvet, kor ein kan få innsyn i saksdokumenta og opplysningar om klageinstans og frist for ei eventuell klage på vedtaket. Kopi av kunngjeringa skal sendast til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal innan ein månad etter at løyvet er gjeve. I tillegg til kunngjering i dagspressa, vil Statsforvaltaren kunngjere vedtaket på si eiga nettside, www.statsforvalteren.no/Mr, under «Kunngjeringar». Verksemda kan gjerne nytte sin eigen logo i kunngjeringa, men Statsforvaltaren sin logo skal ikkje nyttast.

Dette er vårt forslag til kunngjeringstekst:

Tussa Energi AS får løyve etter forurensningsloven til mellombels utslepp av anleggsvatn og forureining frå anleggsdrift i tilknytning til bygging av Tussa II kraftverk og rehabilitering av Dam Tyssevatnet. Vedtak med løyve og informasjon om klagemoglegheiter kan lesast på nettsida til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, www.statsforvalteren.no/Mr.

Datoar og fristar

- Vedtaket skal kunngjerast i dagspressa så snart som mogleg
- Det skal gjevast oppstartsmelding til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal når tiltaket settast i verk. Meldinga kan sendast på e-post thomas.aurdal@statsforvalteren.no.
- Løyvet er gjeldande til og med **31.12.2030**
- Sluttrapport i tråd med vilkår 4.1 i løyvet skal sendast til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal innan seks veker etter at anleggsarbeidet er ferdig.

Med helsing



Christian Dahl (e.f.)
underdirektør

Thomas Aurdal
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

1

Løyve

Kopi til:

VOLDA KOMMUNE

Stormyra 2

6100

VOLDA



Løyve til mellombels utslepp for Tussa Energi AS for etablering av Tussa II kraftverk og rehabilitering av Dam Tyssevatnet

Løyvet er gitt i medhald av [lov av 13.mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall](#) § 11. Det er sett vilkår etter forurensningsloven § 16. Løyvet kan ikkje nyttast før det òg føreligg naudsynte løyve eller avklaringar etter plan- og bygningslova, hamne- og farvasslova og kulturminnelova.

Verksemda må avklare skriftleg på førehand med Statsforvaltaren i Møre og Romsdal eventuelle endringar den ønskjer å gjere i forhold til opplysningar i søknaden eller under saksbehandlinga som kan ha miljømessig påverknad.

Løyvet gjeld frå dags dato og er **gjeldande fram til 31.12.2030**.

Bedriftsdata og informasjon om tiltaksområde

Bedrift	Tussa Energi AS
Lokalisering/gateadresse	-
Postadresse	Langemyra 6, 6160 HOVDEBYGDA
Org. nummer (bedrift)	984 371 527 (tilhøyrer 876 795 442)
Lokalitet for tiltaket	Bjørke, med fylgjande utsleppspunkt som vist i figur 4-1 i søknaden: • Tyssevatnet • Tyssa (øvre) • Stigrova • Tyssa (nedre), alternativt punkt • Bjørkevika, alternativt punkt
Kommune tiltaket utførast i	Volda

Statsforvaltarens referansar

Løyvenummer	Anleggsnummer	Risikoklasse ¹	Arkivnr.
2026.0488.T	1577.0103.01	4	2026/2535
Løyve gitt:	Endringsnummer:	Sist endra:	
07.09.2026	-	-	

Christian Dahl (e.f.)
underdirektør

Thomas Aurdal
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

¹ Miljømyndigheitenes system for berekning av hyppigheita på frekvensbasert tilsyn, der risikoklasse 1 er høgast og 4 er lågast.



Endringslogg

Endringsnummer	Endringar av	Punkt	Kva endring som er gjort
-	-	-	-

1. Verkeområde for løyvet

Løyvet omfattar utslepp frå fylgjande aktivitetar i Volda kommune:

- Tunneldriving med fem boreriggjar: ein ved tverrslag ved Tyssevatnet (samla tunnallengde 0,75 km), tre ved Flotane/Åkre (samla tunnallengde 4,38 km) og ein for vegtunnel (tunnallengde 1,6 km).
- Utslepp frå massehandsaming og mellomlager for massar og frå anleggsområde.

Merk at utslepp frå steinbrot ikkje er omfatta då slikt er regulert av *Forskrift om begrensning av forurensning* (forurensningsforskriften) kapittel 30. Vi syner til denne forskrifta for krav til utslepp ved drift av steinbrot.

2. Generelle vilkår

- 2.1 Det føresettast at tiltaket gjennomførast som angitt i søknaden send inn 26.03.2026 dersom ikkje anna går fram av løyvet, andre vedtak eller på annan måte er avklart med Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.
- 2.2 Forureiningsmyndigheitene vilkår skal ikkje vere til hinder for at andre myndigheter kan stille krav med heimel i anna lovgiving.
- 2.3 Tiltakshavar er ansvarleg for at vilkåra i løyvet vert overheld. Tiltakshavaren pliktar å orientere dei som skal gjennomføre tiltaka om dei vilkåra som gjeld, og om dei restriksjonane som er lagt på arbeidet.
- 2.4 Forureiningsmyndigheta, eller dei den gjev mynde til, skal til ei kvar tid ha tilgjenge til området for inspeksjon.
- 2.5 Statsforvaltaren kan oppheve eller endre vilkåra i løyvet, sette nye vilkår, og om naudsynt trekke løyvet attende, dersom føresetnadar gitt etter forureiningslova § 18 er til stades. Fylkesmannen har på det same grunnlaget rett til, på eit kvart tidspunkt, å stanse arbeidet.
- 2.6 Dersom det viser seg at dei miljøbeskyttande tiltaka ikkje verker som føresett i vilkåra, kan den ansvarlege med ein gong verte pålagt å sette i verk ytterlegare tiltak.
- 2.7 Reinsetiltaka skal vere i funksjon under heile driftstida til anlegga. Etter avslutta anleggsverksemd, skal dei mellombelse avlaupsanlegga fjernast.
- 2.8 Statsforvaltaren i Møre og Romsdal skal varslast når arbeidet startast opp.



2.9 Tiltaka, med utsleppspunkt, skal utførast/etablerast på dei stadar som visast på kart i søknaden.

2.10 Dersom det under arbeid i tiltaksområdet treffast på kulturminne under vatn som er verna etter kulturminnelova §§ 14 eller 4, skal arbeidet stansast straks, og Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum eller Møre og Romsdal fylkeskommune varslast omgåande, og avtale må føreliggje før arbeidet kan fortsettast.

3. Internkontroll, beredskap og varslings

3.1 Tiltakshavar skal med ein gong varsle Statsforvaltaren om alle unormale tilhøve som har, eller kan få innverknad på forureiningssituasjonen.

3.2 Tiltakshavar pliktar å ha eit oppdatert internkontrollsystem, jf. forskrift om systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid i verksemdar (internkontrollforskrifta) av 6. desember 1996. Internkontrollen skal mellom anna sikre og dokumentere at verksemda overheld krava i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrolllova og relevante forskrifter til desse lovene.

3.3 Tiltakshavar pliktar å gjennomføre tiltak for å unngå, eventuelt redusere risikoen for akutte utslepp frå alle aktivitetar knytt til dette tiltaket. Slike tiltak skal vere basert på ein systematisk gjennomgang av alle element i tiltaksaktiviteten.

3.4 Den ansvarlege skal sørge for å ha den naudsynte beredskapen for å hindre, oppdage, stanse, fjerne og redusere verknaden av akutt forureining for all verksemd, jf. forureiningslova § 40. Beredskapen til den ansvarlege skal stå i eit rimeleg høve til sannsynet for akutt forureining og omfanget av skadane og ulempene som kan inntreffe. Beredskapsplikten inkluderer også utstyr og kompetanse til å fjerne og redusere verknaden av ei eventuell forureining.

3.5 Ved akutt forureining eller fare for akutt forureining som følgje av verksemda, skal den ansvarlege varsle i samhøve med *forskrift av 09.07.1992 om varslings av akutt forureining eller fare for akutt forureining*. Melding om akutt forureining gjerast til brannvesenet, **telefon: 110**. Kystverket har vaktberedskap 24 timar i døgnet og får meldingar frå brannvesenet om akutt forureining.

4. Utslepp og reinsekrav, mellomlagring

4.1 Prosessvatn frå tunnelar og avlaup frå innvendige og utvendige vaskeplassar og verkstadar og anna avlaupsvatn skal reinsast i reinseanlegg med sedimentering og oljeavskiljar før det vert ført vidare i eget, lukka rørsystem til utsleppspunktet. Utsleppet må skje slik at god innblanding i vassmassane og raskast mogleg fortynning oppnåast.

Reinseanlegget må dimensjonerast slik at maksimalt innhald av olje og suspendert stoff i avlaupsvatnet etter reinsing er slik:



Parameter	Tyssevatnet (inntakstunnel)	Tyssa (portal)	Bjørkevika (portal)	Stigrova (vegtunnel)
SS (mg SS/l)	200	100	200	100
Olje (THC) (mg/l)	5	5	5	5
pH	6-8,5	6-8,5	6-8,5	6-8,5

Alle utslepp skal reduserast mest mogleg. For stoff som er lista opp i Miljødirektoratet si prioriteringsliste (sjå lenkja: [Liste over prioriterte miljøgifter \(prioritetslista\)](https://www.miljodirektoratet.no) - [miljodirektoratet.no](https://www.miljodirektoratet.no)) er det berre tillate med utslepp dersom dei er så små at dei er utan miljømessig betydning.

- 4.2 Sandfang/sedimenteringsbasseng/oljeavskiljar skal kontrollerast regelmessig. Tømming skal skje så ofte som føresett ved dimensjoneringa av anlegget, og slik at reinseeffekten ikkje vert redusert. Utskilt olje/oljehaldig avfall skal leverast til godkjend mottak for farleg avfall, jf. vilkår 5.2.
- 4.3 Vaskeplass for køyretøy og maskinar skal ha fast dekke med fall til sluk med sandfang og oljeavskiljar. Grenseverdiane for vatn frå vaskeplass og verkstad er dei same som for anleggsvatnet elles, jf. vilkår 4.1.
- 4.4 Eventuelt utslepp av sanitæravlaupsvatn frå anleggsbrakker må godkjennast av kommunen, jf. egne forskrifter.
- 4.5 Støy frå anleggsarbeida og/eller anleggstrafikk skal ikkje overskride grenseverdiane i gjeldande regulering i områda eller rettleiaren «Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging» (T-1442/2021).
- 4.6 Ved mellomlagring av sprengstein skal det etablerast avskjeringsgrøfter med avrenning via sedimentasjonsbasseng. Sedimenteringsbassenget skal gje lang nok opphaldstid til at partiklar kan sedimenterast tilstrekkeleg.
- 4.7 Ved mellomlagring av sprengstein skal det gjerast tiltak etter behov for å redusere eventuell støvdrift.
- 4.8 Det skal føreliggje ein plan for korleis massane i mellomlageret skal disponerast vidare, slik at tida dei må oppbevarast i mellomlageret vert så kort som mogleg.



5. Avfall

- 5.1 Verksemda pliktar så langt det er mogleg å unngå at det dannast avfall som fylgje av aktivitetane. Særleg skal innhaldet av skadelege stoffar i avfallet søkjast å reduserast mest mogleg.
- 5.2 Verksemda pliktar å syte for at all handsaming av avfall, inkludert farleg avfall, skjer i tråd med gjeldande reglar for dette fastsett i eller i medhald av forurensningsloven og avfallsforskrifta.
- 5.3 Farleg avfall som vert lagra i påvente av levering/henting skal verksemda sikre slik at lageret ikkje fører til fare for avrenning til grunn, overflatevatn eller avlaupsnett.
- 5.4 Slam frå sandfang/sedimentering og andre reinseinstallasjonar skal analyserast og leverast til godkjent mottak. Botnreinskmassar skal analyserast og disponerast etter forureiningsgrad.
- 5.5 Det må gjerast tiltak etter behov for å unngå at plast og anna avfall frå tiltaka gjev forsøpling av miljøet. Plast og avfall skal samlast opp og sendast til godkjend mottak.

6. Kontroll og overvaking

- 6.1 Det skal utarbeidast drifts- og tømmerutinar for reinseanlegga for olje og suspendert stoff (slam). Bassenga skal rutinemessig tømmast for sand, olje og slam slik at naudsynt opphaldstid til ei kvar tid overhaldast.
- 6.2 Det skal etablerast rutinar for visuell inspeksjon ved utslippsstadane, der observasjonar av oljefilm, blakka vatn eller anna forureining vert registrert. Ved vesentleg forureining skal det vurderast tiltak, og forureininga rapporterast (jf. krav om internkontroll).
- 6.3 Verksemda skal utføre utsleppsmålingar. Målingar omfattar prøvetaking, analyse og eventuelt berekningar. Verksemda skal etablere måleprogram som inngår i verksemda sin dokumenterte internkontroll. Målingane og berekningane skal utførast slik at dei er representative for verksemdas faktiske utslepp, og skal som eit minimum omfatte dei komponentane som er nemnd i dette løyvet. Målingane skal dokumentere at gjeldande krav i utsleppsløyvet og relevante forskrifter vert etterlevd.
- 6.4 Det skal førast driftsjournal for anlegga. Verksemda skal som eit minimum journalføre analyseresultata, mengde og dato for tømning og innlevering av olje/slam/sand. Driftsjournalen skal kunne visast fram ved eit eventuelt tilsyn.



7. Rapportering

7.1 Det skal sendast sluttrapport til Statsforvaltaren innan 6 veker etter at anleggsarbeidet er avslutta. Rapporten skal innehalde:

- Kort skildring av tiltaka og utført arbeid
- Skildring av arbeidet med reinsing, måling og andre avbøtande tiltak
- Oversikt over utsleppa for heile anleggsperioden. Fylgjande skal dokumenterast i rapporten:
 - *) Analyseresultat frå prøvetaking av slam frå reinseanlegg (slammet skal analyserast for miljøgifter i jord, normpakke basic med åtte metallar, PAH, oljeforbinidingar, PCB og BTEX).
 - *) Loggførte vassmengder.
 - *) Resultat frå vassprøvar ut frå reinseanlegg (SS, THC og pH).
 - *) Utførte inspeksjonar av reinseanlegget.
 - *) Kontrollplanar som syner interne kontrollrutinar for anleggsdrift.
 - *) Dato for tømning av slam frå reinseanlegg og dokumentasjon på kor massane er levert (vegesedlar frå mottaket).
 - *) Eventuell dokumentasjon på utførte pH-justeringar.
 - *) Eventuell oppsamling av plast og anna avfall, og levering til godkjend mottak.
- Eventuelle overskridingar, avvik eller uheldige hendingar, og korrigierende tiltak.